



Ein tydeleg medspelar



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Standpunktkarakterar

Rettleiing i behandling av klage på  
standpunktkarakterar i vidaregåande opplæring



# Innhald

Innleiing	4
Klagefrist	5
Skjema	5
Klage på fagkarakter	6
Sentrale paragrafar i forskrift til opplæringslova	6
Om undervegsvurdering	6
Om sluttvurdering	7
Ikkje grunnlag for å setje karakter	7
Varsling	7
Klagebehandlinga ved skolen	8
Fråsegn frå faglærer	8
Fråsegn frå rektor om saksbehandlinga	9
Klageinstansen si klagebehandling	9
Klage på karakter i orden og i åtferd	10
Sentrale paragrafar i forskrift til opplæringslova	10
Om vurderinga i orden og i åtferd	11
Varsling	12
Skolen si behandling av klaga	13
Fråsegn frå rektor og konktaktlærer	14
Klageinstansen si klagebehandling	14
Rektor si utgreiing	15
Faglærer si utgreiing	16
Døme på uttale frå rektor	17
Døme på uttale frå faglærer	18

## Innleiing

Fastsetting av standpunktkarakter er enkeltvedtak, og eleven har rett til å krevje grunngiving.

Det kan klagast på standpunktkarakterar og på vedtak om ikkje å setje standpunktkarakterar. Elevar, lærlingar, privatistar og praksiskandidatar eller dei som desse gir skriftleg fullmakt, har klagerett. Foreldra eller dei føresette til umyndige elevar, lærlingar, lære kandidatatar, privatistar og praksiskandidatar har sjølvstendig klagerett.

Alle klager på standpunktkarakterar skal sendast til klagenemnda ved Utdanningsavdelinga. Utdanningsdirektoratet har presisert at rektor ikkje har heimel for å endre vedtak om karakterfastsetjing etter at ein karakter er sett. Dette gjeld sjølv om skolen finn klaga rettkomen. Rektor kan endre eventuelle feilføringar.

Klage på standpunktkarakterar må behandlast så raskt som mogleg. Dette er særleg viktig for elevar på vg3, og for vg2 for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram. Vi oppmodar difor skolane til å sende inn klagesakene fortløpande og ikkje vente til alle klagesakene kan sendast samla.

Rektor må sikre god framdrift i klagebehandlinga. Skolen skal ha rutinar som sikrar at det er mogleg å få grunngiving/fråsegner frå faglærar om karakterfastsetjinga i det aktuelle tidsrommet.

Forskrifta til opplæringslova set ein siste frist for fastsetjing av standpunktkarakterar. Det er opp til den enkelte skolen og eventuelt setje ein tidlegare frist for fastsetjing av fagkarakter for å kunne ivareta klageretten til eleven og karakterjustering for inntak til høgare opplæring. Standpunktkarakter i orden og i åtferd skal fastsetjast etter at undervisninga og anna skoleaktivitet er avslutta.

## Klagefrist

Skolen skal gjere elevar og foreldre kjende med klageretten og klagefristen. Informasjon om klagerett skal gis ut saman med enkeltvedtaket om standpunktkarakteren.

Informasjonen må som eit minimum innehalde:

- Kva for karakter det kan klagast på
- Generell informasjon om klagerett og klagefrist
- Opplysning om at klage på standpunktkarakter bør grunngivast
- Opplysning om at klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram.

Fristen for å klage på vedtak som gjeld standpunktkarakter er 10 dagar frå det tidspunktet melding om vedtaket er komen fram til den som har klagerett. I særlege tilfelle kan ein klage bli behandla sjølv om fristen ikkje er halden, jf. fvl § 31.

Klagar har rett til å be om grunngiving før eventuell klage vert sett fram. Ny 10-dagarsfrist gjeld frå det tidspunktet han/ho har motteke grunngiving. Grunngivinga skal vere skriftleg der det også kjem fram at det er ny klagefrist.

Dersom skolen avviser klaga fordi den er levert for seint, er dette eit vedtak det kan klagast på. Klagefristen er då 3 veker, jf. forvaltningslova § 29.

## Skjema

Dei vedlagde skjema skal nyttast ved oversending av klage på standpunktkarakter i fag og ved klage i orden og i åtferd. Vi ber om at det blir fylt ut eitt skjema for kvar karakter det blir klaga på.

# Klage på fagkarakter

## Sentrale paragrafar i forskrift til opplæringslova

<b>Kapittel 3</b> Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring	<b>Kapittel 5</b> Klage på vurdering
§3-1 Rett til vurdering	§5-1 kva det kan klagast på
§3-2 Formålet med vurdering	§5-2 Kven som kan klage
§3-3 Grunnlaget for vurdering i fag	§5-3 Avgjerd i klagesak
§3-4 Karakter i fag m.v.	§5-4 Saksgangen ved klage
§3-7 Varsling	§5-5 Klagefristar
§3-11 Undervegsvurdering	§5-6 Formkrav
§3-12 Eigenvurdering	§5-7 Rett til grunngeving
§3-13 Halvårsvurdering i fag for elevar	§5-12 Klage på standpunkt-karakter. Klageinstans og klagebehandling
§3-16 Kravet til dokumentering av undervegsvurdering	
§3-17 Sluttvurdering i fag	
§3-18 Standpunktkarakter i fag	
§3-39 Forsvarleg system for føring av karakter og fråvær	

## Om undervegsvurdering

Undervegsvurdering skal vere eit reiskap for å hjelpe eleven vidare i læreprosessen.

Det skal vere kjent for eleven kva som er måla for opplæringa, og kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetansen til eleven. Elevane skal kjenne til kompetansemåla i læreplanane for fag, og også til kva læraren vektlegg når vedkomande vurderer ein prestasjon, og kva som kjenneteiknar ulike grader av kompetanse. Elevane skal vere med i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga faglege utvikling.

## Om sluttvurdering

Sluttvurdering skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag i læreplanverket. Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag som samla viser kompetansen eleven har i faget. Eleven skal ha høve til å betre kompetansen sin i faget inntil standpunktkarakteren er fastsett.

Eleven skal bli gjort kjent med kva det er lagt vekt på i fastsettinga av standpunktkarakteren.

I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadane til den enkelte, fråvær, eller forhold knytt til orden og åtferd til eleven trekkjast inn.

## Ikkje grunnlag for å setje karakter

Stort fråvær, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter manglar.

Dersom det ikkje er grunnlag for å setje standpunktkarakter så skal det gjerast enkeltvedtak om dette.

## Varsling

Før skolen gjer eit enkeltvedtak om ikkje å gi karakter, skal eleven vere varsla skriftleg. Skolen skal gi slikt varsel dersom det er tvil om eleven kan få karakter. Varselet skal sendast både til eleven og foreldra (*for elevar under 18 år*), vere datert og sendt i god tid før karakterfastsetjing. Eleven skal ha høve til å påverke karakteren.

Ved ei eventuell klage må kopi av varselbrevet leggjast ved klaga, og skolen må kunne dokumentere at brevet er sendt til elev og foreldre (*for elevar under 18 år*).

## Klagebehandlinga ved skolen

Ei klage på standpunktkarakter skal sendast til skolen der klagaren er elev. Skolen skal sende klaga til klagenemnda. Ved oversending av klaga til klagenemnda, skal det følgje med fråsegn frå faglærer og rektor.

Rektor kan avvise klaga dersom den er framsett etter utløpet av klagefristen. Klage som er framsett for seint skal likevel takast til behandling dersom eleven eller foreldra ikkje kan lastast for at klaga er framsett for seint eller at det etter tilhøva er rimeleg å sjå bort frå fristoversittinga.

## Fråsegn frå faglærer

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at faglærer kan dokumentere grunnlaget for karaktersetjinga i tråd med kapittel 3 i forskrift til opplæringslova og at saka er godt nok opplyst til at klageinstansen kan behandle klaga.

Ei fråsegn skal vere konkret og må innehalde:

- Grunnlaget for vurdering i faget
- Omtale av korleis eleven er informert om kompetansemåla i faget og kjenneteikn på måloppnåing
- Korleis og når undervegsvurdering i faget er gitt
- Om reglane for varsling om ikkje vurdering eller nedsett orden og/eller åtferdskarakter er følgde
- Informasjon om korleis det er lagt til rette for eleven si eigenvurdering i faget
- Svar på det som eleven eller foreldra peikar på i klaga

## Fråsegn frå rektor om saksbehandlinga

Rektor skal gjere greie for saksbehandling og prosedyrar ved skolen i eige skriv. Skrivet skal i tillegg innehalde:

- Informasjon om klaga er sett fram innan fristen
- Informasjon om når og korleis skolen har informert om klageretten
- Anna dokumentasjon frå skole/heim som kan ha innverknad på klagebehandlinga

Det er ikkje tilstrekkeleg at skolen i oversendingsbrev til klageinstansen skriv at dei har følgd dei forskriftsmessige prosedyrene ved karakterfastsetjinga.

Skolen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon frå faglærer om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagebehandlinga pågår.

## Klagebehandlinga til klageinstansen

Klageinstansen kan berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde.

Dersom klaga blir funne rettkomen av klageinstansen, blir klaga sendt tilbake til skolen. Klagenemnda informerer klagaren om vedtaket til klageinstansen.

Rektor og faglærer gjer ny vurdering. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda skal grunnngivast ut frå dei forhold klageinstansen har peikt på i behandlinga av saka.

Denne avgjerda kan det ikkje klagast på. Skolen gir melding til klagaren om endeleg karakter og rektor si grunnngiving.

# Klage på karakter i orden og i åtferd

## Sentrale paragrafar i forskrift til opplæringslova

<b>Kapittel 3</b> Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring	<b>Kapittel 5</b> Klage på vurdering
§3-1 Rett til vurdering	§5-1 Kva det kan klagast på
§3-2 Formålet med vurdering	§5-2 Kven som kan klage
§3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd	§5-3 Avgjerd i klagesaka
§3-6 Karakterar i orden og i åtferd	§5-4 Saksgangen ved klage
§3-7 Varsling	§5-5 Klagefristar
§3-11 Undervegsvurdering	§5-6 Formkrav
§3-12 Eigenvurdering	§5-7 Rett til grunngiving
§3-15 Halvårsvurdering i orden og i åtferd for elevar	§5-13 Klage på karakter i orden og i åtferd. Klageinstans og klagebehandling
§3-16 Kravet til dokumentering av undervegsvurdering	
§3-19 Standpunktkarakter i orden og i åtferd	
§3-39 Forsvarleg system for føring av karakter og fråver	

# Om vurderinga i orden og i åtferd

Fylkeskommunen/skoleeigar skal gi forskrifter om ordensreglementet for den enkelte vidaregåande skolen, jf. Opplæringslova 3-7. I ordensreglementet skal det vere regulert kva som er akseptabel orden og åtferd. Skolen må kunne dokumentere at elev/foreldre er gjort kjent med ordensreglementet.

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skolen. Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa.

Til vanleg skal det ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.

Skolen må synleggjere for elevane kva som blir teke med i grunnlaget for ordenskarakteren og kva som blir lagt vekt på i grunnlaget for åtferdskarakteren. Til dømes kan fråvær føre til nedsett karakter anten i orden eller i åtferd. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Det er rektor sitt ansvar å sjå til at skolen har klage rutinar for å dokumentere elevane sin orden og åtferd.

Grunnlaget for vurdering er i prinsippet likt for alle elevar, men i vurderinga av orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadane eleven har. I praksis vil dette gjelde for elevar som av ein eller annan grunn ikkje har moglegheit til å rette seg inn etter reglane på skolen. Vurderinga av karakteren skal vere i kva grad eleven opptrer i samsvar med ordensreglementet. Når ein skal avgjere kva som skal til for at eleven skal få karakteren god (G) skal det takast omsyn til føresetnadane til eleven og kva som vil vere god orden og kva som vil vere god åtferd for eleven.

## Varsling

Forskrifta krev at skolen sender skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få standpunktarakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden og/eller i åtferd uavhengig av tidlegare halvårsvurdering.

Det er viktig å innarbeide rutinar for å sikre god dokumentasjon på at skriftleg varsel er sendt.

### **Viktige moment:**

- Grunnlagt varsel om fare for nedsett karakter skal sendast til foreldre (*for elevar under 18 år*)/elev
- Varselet skal vere datert og sendt til foreldre (*for elevar under 18 år*) /elev utan ugrunna opphald, slik at betre orden eller åtferd kan påverke karakteren
- Kopi av varselbrevet skal leggest ved klaga

Til vanleg skal det ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar. Dersom skolen som ein straffesaksjon etter ordensreglementet set ned karakteren til eleven i oppførsel på grunn av ei enkelthending, er varsel etter §3-7 ikkje nødvendig. I slike tilfelle skal det gjerast enkeltvedtak og opplysast om klageretten.

## Skolen si behandling av klaga

I klagesaker som gjeld orden og/eller åtferd er det særleg viktig at skolen kan dokumentere at saksgang for fastsetjing av karakterar er følgd, og at det har vore kontakt med heimen (*for elevar under 18 år*) om tilhøva som har ført til nedsett karakter.

### **Skolen skal sende følgjande dokumentasjon til klageinstansen:**

- Klaga
- fråsegn frå rektor og kontaktlærer
- kopi av ordensreglement
- utskrift av møtebok/protokoll med kort grunngiving og eventuelt røystetal
- dokumentasjon på at foreldre (*for elevar under 18 år*) har fått varsel om at karakteren kan bli sett ned
- annan relevant korrespondanse med heimen

Skolen må ha rutinar som sikrar at dokumentasjon om karakterfastsetjinga er tilgjengeleg i den perioden klagebehandlinga pågår.

## Fråsegn frå rektor og kontaktlærer

Fylkestinget vil tilrå følgjande oppgåvefordeling mellom rektor og kontaktlærer:

### **Rektor gjer greie for**

- Saksbehandling og prosedyrar på skolen
- Om klaga er sett fram innan fristen
- Når og korleis skolen har informert om klageretten
- Tidspunkt for når skolen har sendt kopi av saksdokument til klagar
- Tidlegare karakter i orden/åtferd
- Tiltak som er sett i verk for å rette på forholda

### **Kontaktlærer**

- Gir utfyllande grunngiving for karakteren
- Gjer greie for korleis det er lagt til rette for god tilbakemelding, rettleiing og eigenvurderinga til eleven
- Det er viktig å svare på og kommentere det som eleven eller foreldra peikar på i klaga

Fråsegna skal vere konkret og gi informasjon om korleis eleven er vurdert i høve til ordensreglementet

Det er ikkje tilstrekkeleg å berre gi eit oversyn over eleven sine merknader gjennom året utan å vurdere desse opp mot føresetnadane til eleven,

Legg ved kopi av varsel om nedsett karakter

Legg ved annan dokumentasjon frå skole/heim som kan ha innverknad på klagebehandlinga

## Klageinstansen si klagebehandling

Fylkestinget v/klagenemnda avgjer om klaga skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for eleven

Standpunktkarakterar i fag - klagebehandling

## Rektor si utgreiing

**Skole:**

**Namn på eleven:**

**Utdanningsprogram:**

**Fag:**

**Årstrinn:**

**Faglærer:**

Som vedlegg til dette skjemaet skal følgje:

- faglæraren sin grunngjeving for fastsetting av karakteren
- eleven sin klage
- eventuelt varsel om fare for IV

Karakter 1. termin:..... Standpunktkarakter:.....

Standpunktkarakteren vart fastsett:

Det er gitt varsel om fare for ikkje gitt karakter i:.....

Dato:.....

- Klager har motteke informasjon om klageretten
- Klagen er motteken innan klagefristen på 10 dagar.
- Kopi av sakspapira i saka er sendt klagar

Rektor si vurdering:

*(Her gir rektor ei vurdering om reglane for fastsetting av karakter er følgde i den konkrete saka opp mot systemet ved skolen for å ivareta lov/forskriftskrava)*

Konklusjon:.....

.....  
.....  
.....  
.....

Følgjande dokument er lagt ved (sett x):

- Klage frå eleven
- Fråsegn frå faglærer
- Varsel om fare for ikkje vurdering m/karakter



Standpunkt karakterar i fag - klagebehandling

## Døme på uttale frå faglærar

### **Elev:**

I tida etter jul har vi hatt få timar i faget. I dei timane vi hadde prioriterte faglærar å ha elevsamtalar med omtrent alle unntatt meg. Eg merka meg at faglærar ikkje fulgte med på timane. Ut frå dette meiner eg at faglærar ikkje har noko spesielt grunnlag for å sette den standpunkt karakteren.

### **Faglærar si utgreiing**

Etter preioden gjennomførte eg 4 vurderingssituasjonar der eleven viste sine ferdigheiter i 2 av vurderingssituasjonane

1. Dato karakter x. Samtale
2. Dato karakter x
3. Dato deltok ikkje
4. Dato. Tilbod om samtale med grunngiving av karakterane etter eigentreningsperioden. Brukte den ikkje.
5. Dato. Ønskte ikkje å delta i den vurderingssituasjonen
6. Karakterane vart ført i skolearena og eleven fekk tilbod om grunngiving av karakterane, men brukte den ikkje.

### **Rektor:**

Karakterar: (*oppramsing*) Faglærar har gjort greie for vurderingssituasjonar og resultat av desse for siste halvår av skoleåret. Undervegsvurdering er i samsvar med forskrift. Sluttvurderinga er i samsvar med forskrift. Rektor rår til at klagen ikkje blir tatt til følgje, då det ikkje ligg føre brot på reglane om fastsetting av standpunkt karakteren.



---

**Møre og Romsdal fylkeskommune**

Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon 71 25 80 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)

